



Foto: Jostein A. Fretland

Kvardagskjærleik

– Eg trur eg får folk til å akseptere nynorsk som eit språk ein kan bruke til dagleg.

Kvar dag les tusenvis om dei små tinga i kvardagen som gjer Mariell Øyre (22) glad. Ho driv bloggen *Hjartesmil*, verdas største nynorskblogg.

– Det finst alltid tusen ting eg gler meg til – og over, seier ho.

Å skrive utan å slåst

At ho faktisk skriv på nynorsk kjem alltid i andre rekkje, både for ho sjølv og for dei fleste av lesarane hennar. Øyre er likevel stolt av språket sitt, men vil helst at det berre skal vere der, ein premiss som ingen treng å nemne eller ta opp til diskusjon.

– Det beste hadde vore om det ikkje var eit så stort poeng om bloggar blir skrivne på nynorsk. Det er viktig at det finst folk som berre *skriv* nynorsk, førebilete som

gjer at ein skjønar at ein kan skrive nynorsk utan å slåst for det.

– Det er viktig ikkje å problematisere språket så mykje, men berre skrive og gjere folk glade. Den målretta aktivismen finst det heldigvis andre som tek seg av, seier ho.

Øyre meiner likevel at når ho først skriv på nynorsk, så er ho i ein posisjon der ho kan gjere ein skilnad.

– Eg skjønnte for lenge sidan at det automatisk følgjer eit visst samfunnsansvar med å skrive nynorsk offentleg. Og den børa er lett å bere, slår ho fast.

Suksessformelen

Nye bloggarar kjem til kvar dag, vanlege menneske med uvanlege formidlingsbehov. Oftast endar bloggane som døgnfluger

og forsvinn i mylderet. *Hjartesmil* er ein av bloggane som har vore på topplista over dei mest lesne bloggane i fleire år. Det ligg mykje arbeid bak å halde på lesarane, men oppskrifta er enkel:

– Det eg skriv skal vere lett, vere eit oppløftande element i kvardagen til folk. Det skal passe for lesargruppa mi og vere tilgjengeleg, forklarar ho.

– I tillegg blir det enklare å skilje seg ut når ein skriv nynorsk. I ei verd full av svært mange like bokmålsbloggar fargelegg eg bloggen med språket mitt.

Strippa for empati

Øyre vektlegg oftast dei positive ringverknadene av å skrive på eit mindretalsspråk, at ho kan utgjere ein skilnad for haldningane til folk. Men sjølv om skrifta hennar er full

av kjærleiksytringar til kvardagen, opplever ho at den same kvardagen kan ha sine meir beiske penselstrokk.

Særleg om at ho skil seg ut ved å skrive på nynorsk.

– Det er lett å gløyme at nokon skal lese det ein skriv i kommentarfelta til avisene, og eg trur folk blir litt strippa for empati når dei ikkje ser følgjene med ein gong. Somme har ein forbausande låg terskel for å mobbe nynorskbrukarar, også person til person, legg ho til.

Litt av det å halde balansen som bloggar, handlar om å verne om intimgrensa, dele og vere raus, men vite kvar grensa går, fortel ho.

– Eg er mykje meir enn det ein ser på bloggen. Eg lyg aldri, men er nøye med å verne om privatlivet mitt og mine næraste.

– Eg er nok hardare enn folk flest trur, avsluttar sogningen.